

Lokale retningslinjer for

Tildeling av tilskot til private barnehagar



Gjeldande frå 01.01.2017

1.12.2016

Rådmannen

1. Heimel for retningslinene

- 1.1 Lov om barnehagar §§ 8 og 14
- 1.2 Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar

2. Formål

- 2.1 Formålet med desse retningslinjer er å sikra brukarane av barnehagane i Bømlo god fleksibilitet, samt å gi barnehagane føreseielege økonomiske rammer.

3. Retningslinene gjeld for:

- 3.1 Eigarar av godkjende private barnehagar.

4. Tilskotssats

- 4.1 Bømlo kommune har ikkje kommunale barnehagar og skal jf. forskrift nytte satsar fastsett av departementet i utrekning av tilskot til private barnehagar. Nasjonal sats vert årleg kunngjort i forbindelse med statsbudsjett.
- 4.2 Kommunen vil i utrekninga av tilskotet til den private barnehagen trekkje frå beløp tilsvarende det andre offentlege tilskot, og indirekte offentlig økonomisk støtte dekkjar av barnehagen sine drifts- og kapitalkostander. - jfr. § 11 i Kunnskapsdepartementet si forskrift.

5. Vilkår for det kommunale tilskotet

- 5.1 Føresette må vera betalande kundar for at barn kan rapporterast inn med ei gitt opphaldstid som utløyser rett til utbetalt tilskot.
- 5.2 Ved oppseiing skal barnehagen ha tilskot for barnet fram til neste rapporteringstidspunkt. Det er den barnehagen der barnet går i på rapporteringstidspunktet som har krav på tilskot, uavhengig av om barnet er i oppseiingstid eller ikkje.
- 5.3 Kommunen reknar barnehageåret til å vera frå 15.august til 14.august. Barn som byrjar i skulen skal då ikkje teljast 15.august det året dei startar i skulen.

6. Rapportering av barn - teljetidspunkt

6.1 I henhold til forskrift skal tre-åringane reknast som små i dei 7 første månadane av året, og som store dei fem siste månadane av året.

Barnehagane rapporterer talet på barn, barnet sin alder, opphaldstid i barnehagen pr. 15.desember på skjema fastsett av departementet. I tillegg skal barnehagane rapportera same opplysningar pr 15.mars, 1.august, 15.august, 15.oktober på elektronisk skjema fastsett av kommunen. Vidare skal skjema signerast og sendast kommunen saman med navnelista. Då vert vedtak om tilskot slik:

1. 15.desember dannar grunnlag for vedtak om tilskot frå 1.januar til 14.mars
2. 15.mars dannar grunnlag for vedtak om tilskot frå 15.mars til 31.juli
3. 1.august dannar grunnlag for vedtak om tilskot frå 01.august til 14.august.
4. 15.august dannar grunnlag for vedtak om tilskot frå 15.august til 14.oktober
5. 15.oktober dannar grunnlag for vedtak om tilskot frå 15.oktober til 31.desember

7. Barn frå andre kommunar

7.1 Det må gå fram av barnehagen sine vedtekter at ein også tek inn barn frå andre kommunar. I samband med rapporteringar til kommunen må det gå fram om barnet er folkeregistrert i anna kommune.

8. Moderasjonsordningar

8.1 Kommunen følg dei moderasjonsordningane som til ei kvar tid er gjeldande i barnehagelova.

8.2 Kompensasjon for søskenmoderasjon/reduert foreldrebetaling/gratis kjernetid vert utbetalt til barnehagen etterskotsvis 2 gonger kvart år. Barnehagane rapporterer inn til kommunen på skjema fastsett av kommunen.

9. Ikraftsetjing

9.1 Lokale retningslinjer skal fastsetjast før tilskotsåret byrjar.

9.2 Desse retningslinjene vil gjelde for vedtak om kommunale tilskot frå 01.01.2017 og fram til ei ev revidering av retningslinjene.